

## Prosjektgruppemøte E-helse Vestland

**Tid:** 25.11.20 kl. 13.00 - 15.30

**Stad:** Teams

**Til stades:**

Marta Strando USHT Sogn og Fjordane  
Per Waardal, USHT Hordaland  
Kari Støfringsdal, Helse Vest IKT  
Sigrun Perez, Seksjonsleiar Fagforbundet  
Hilde Cornelliussen, Vestlandsforskning  
Janne Bø, Senter for omsorgsforskning på HVL  
Solrun Hauglum, Vaksdal kommune  
Oddvin Neset, Masfjorden kommune  
Åslaug Botnen, Kvam Herad  
Kristin Bruland, Sunnfjord kommune  
John Olaf Røhme, Luster kommune  
Kjersti Valvik, Fjaler kommune  
Barbro Longva, Stad kommune  
Kari Bjørkheim, Prosjektleiar E- helse Vestland  
Annette Norevik, Kjell Olav Bondevik, Gro Løvik og Anita L. Sævild, Prosjektmedarbeidarar i E- Helse Vestland

**Observatør:** Bodil Berg Kristensen, USHT

**Ikkje til stades:**

Inger E. Grotle, Alarmsentralen  
Eva M. Halvorsen, Pensjonistforbundet  
Nils Ingvald Halle, IKTNH

Saksnr.	Agenda/Saksinformasjon	Oppfølging	Ansvar/ Frist
19/20	<p><b>Gjennomgang av referat frå 21.10.20</b>  Gjennomgang referat – Retting knytt til TOM konferansen på HVL som skal arrangerast 11.05.21. Dagen før 10.05.21 skal det vera ein forkonferanse.</p> <p>Det er oppretta ei strategigruppe som består av arbeidsgruppa, deler av styringsgruppa og prosjektgruppa. Denne gruppa skal ha møte ca. 2 gongar i året. Gruppa skal få tildelt <i>oppgåver</i> og leggjast inn i organisasjonskartet til prosjektet.</p>	Referatet rettast og sendast ut på postlistene til kommunane	Sendast ut innan 01.12
20/20	<p><b>Gjennomgang av arbeidspakkar 1- 3</b>  <b>Framdrift og gjennomgang vidare arbeid i arbeidspakke 1</b>  v/Gro Løvik og Kari Bjørkheim  <i>Sjå eigen PP</i></p> <p><b>Framdrift og gjennomgang vidare arbeid i arbeidspakke 2</b>  v/ Kari Støfringsdal  <i>Sjå eigen PP</i></p> <p><b>Framdrift og gjennomgang vidare arbeid i arbeidspakke 3</b>  v/ Kjell Olav Bondevik  <i>Sjå eigen PP</i></p> <p><b>Oppsummering av kreativ gruppearbeid frå strategigruppa / Anita L. Sævild</b></p>		

	<p><i>Sjå PP og opplest utdrag frå frå referatet i møtet med Strategigruppa 24.11:</i></p> <p>*Må setja på agenda opplæring knytt til ulike verktøy. Slik at bruken av verktøya blir betre for at det skal kunne nyttast fullt ut. Dette gjeld alle brukarar – tilsette, brukarar, pasientar, helseføretak og utdanningsinstitusjonar.</p> <p>*Innhente kunnskap. Må lage ein plan for dette og korleis me skal gjera det</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Status i kommunane.</li><li>- Innhente brukarhistoriar som kan nyttast som gode eksempel for å spreie informasjon.</li></ul> <p>*I utdanningsinstitusjonar må ein legge temaet kring velferdsteknologi/e-helse inn i grunnutdanningane. Dette må gjerast gjennom samarbeid med kommunar og helseføretak for at ein skal dekke behov som er relevante.</p> <p>*Utdanningsinstitusjonar kan hjelpe til med forsking og inovasjon. Eksempel på dette kan vera offentleg Phd. Viktig å få forsking som er til nytte for kommunar. Særleg har ein som oppgåve å hjelpe mindre kommunar også. Inovasjon i offentleg sektor kan vera ei ny nisje innan forsking.</p> <p>*Denne gruppa er eit nettverk som kan vera med å utvikla nye område og område som kan vidareutviklast.</p> <p>*Prosjektet må vera ei støtte for kommunar i deira implementering</p> <p>*Det må vera dialog mellom forsking og kommunar for å nytte kvarandre.</p>	
--	--	--

21/20	<p><b>Innspel og diskusjon om arbeidspakkane frå prosjektgruppa</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Knytt til søknad om eventuelle EU midlar er kreft ein av fokusområda (Jamfør arbeidspakke 2) .</li> <li>*Viktig at ein jobbe vidare med å finne tiltaka som kjem til å få effekt og vel vekk andre område med mindre effekt.</li> <li>Dette må ein gjera for å kunne prioritera dei beste tiltaka på grunn av begrensa ressursar.</li> <li>*Viktig at me tek omsyn til likskap for alle tilsette knytt til kompetanseheving. Fagforbundet ynskjer å bidra i dette arbeidet.</li> <li>*Det skal opprettast eit nettverk for kommunar og sjukehus (Helse Førde) i region Sogn og Fjordane for gode pasientforløp - Kan ein bruke dette nettverket knytt til det som skjer i E-helse Vestland i arbeidspakke 2.</li> <li>*Det kan vera ulikheiter knytt til korleis samarbeidet fungerer mellom kommunar og sjukehusa ein tilhøyre.</li> <li>*Viktig at me får synleggjort mangfold i kommunane</li> <li>*Bruke prosjektet som eit fora for erfaringsdeling. Det er ikkje sikkert at alle skal gjera det same til ei kvar tid, men at me må lære av kvarandre.</li> <li>*Det blir ei oppgåve for kommunalsjefane i prosjektgruppa og formidla kva som skjer i E-helse Vestland i sine møtefora.</li> <li>*Ønske at saker som bør prioriterast til å bli formidla, blir gitt beskjed om slik at ein kan spisse informasjonen til dei rette personane</li> </ul>		
22/20	<p><b>Gjennomgang og innspel på milepælsplan, organisering og oppgåver</b></p>		

	<p>*Det er viktig at me prioriterer det som skal utførast jamfør prosjektsøknaden.</p> <p>*Det er viktig at oppgåver (og fordeling av midlar) blir fordelt, slik at dei ulike aktørane kan byrje på arbeidet dei skal ha ansvar for.</p> <p>*På grunn av utviding av NVP eit år til er det blitt endringar i korleis me kan rigge oss, og me må sjå om me må endre korleis me fordele oppgåver</p>	<p>*Har drøftingar med fylkesmannen om å utvida tida for bruk av prosjektmidlar for 2020, ut februar 2021. Det blir sendt ein skriftleg førespurnad om dette</p> <p>*Ønsker at tilbakemeldingar på milepælsplanen blir sendt til Kari Bjørkheim eller Kjell Olav Bondevik på e-post</p>	Innan 05.12.21
23/20	<b>Møteplan 2021</b> Møteplan er lagt ved, og me held på datoane som blei bestemt på sist møte.		
24/20	<b>Eventuelt</b>		
	<b>Søknad om motverke einsemd</b> Sendt informasjon om dette tilskotet ut på e-post. Det er ein link i det utsende brevet der ein kan søke om stønad til sin kommune. Søknadsfrist er 01.12.20		
	<b>Forskningsførespurnad frå Øygarden</b> Avgjort at ein ikkje deltek på denne på grunn av kapasitetutfordringar.		

Referent: Prosjektmedarbeidar Anita L. Sævild